



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Norconsult AS – Ålesund
Retirovegen 4
6019 ÅLESUND

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/201566-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.03.2018

Fv 60 – Sykkylven kommune – Detaljregulering Berli Boligtun – Trafikkvurdering utarbeidd av Norconsult AS for omlegging av forbindelsesvegen mellom fv. 60 og Kyrkjevegen – Uttale

Viser til e-post av 5.3.2018 frå Nordconsult AS v/ Robin Sætre med vedlegg av trafikkvurdering for omlegging av forbindelsesvegen mellom fylkesveg 60 og Kyrkjevegen i Sykkylven kommune.

Etter det vi forstår er trafikkvurderinga utarbeidd på grunnlag av merknad/innspeil frå Vegvesenet av 6.12.17 til varsla detaljregulering av Berli Boligtun, og elles i høve til tema/spørsmål som vart framheva i førehandskonferansen 27.10.2007 mellom tiltakshavar/plankonsulent og kommunen.

Slik vi les trafikkvurderinga vert løysinga med å legge om og å regulere forbindelsesvegen til einvegskøyrd veg rådt ifrå. Konklusjonen i trafikkvurderinga er på dette punkt samanfallande med uttalen vi gjorde i samband med oppstartsvarslet.

Det vert vidare i trafikkvurderinga tilrådt ei alternativ løysing med å fjerne forbindelsesvegen.

Alternativet med eventuell fjerning av forbindelsesvegen vil etter måten føre til store endringar i trafikkbilete og køyremønsteret i området. Slik vi vurderer behovet for noverande vegløyning har forbindelsesvegen mellom fylkesvegen og Kyrkjegata ein viktig lokal transportfunksjon – jamfør talet på køyretøy registrert i trafikkteilinga utført 28.2.18.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I høve til dei samla trafikale konsekvensane ei løysing med fjerning av forbindelsesvegen vil føre til, kan vi ikkje sjå at fordelane med ta vekk vegen er større enn ulempene med oppretthalde vegløyninga. Ved å gjere tiltak med å stramme opp og utbetre kryssløyningane/tilknytningane vegen har til fylkesvegen og Kyrkjevegen, kan og bør kryssa med fordel gjerast meir trafikktrygge.

Statens vegvesen har etter dette slik konklusjon:

Forbindelsesvegen mellom fylkesveg 60 og Kyrkjevegen må oppretthaldast slik han er i dag med trafikk i begge retningar. Kryssløyningane/tilknytningane vegen har til fylkesvegen og Kyrkjevegen bør strammast opp og utbetrast med sikte på å gjere kryssa meir trafikktrygge. Det vidare arbeidet med reguleringsplan for Berli Boligtun må baserast på at noverande vegløyning, med tovegstrafikk, skal oppretthaldast.

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
sapDesign AS, Postboks 167, 6239 SYKKYLVEN
Sykkylven kommune, Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN
Slyngstad Aamlid arkitekter AS, Kongensgate 24, 6010 ÅLESUND